

INNOVASJON I HELSE FØRDE

STATUSRAPPORT JUNI 2021

FAG –OG UTVIKLINGSAVDELINGA

SEKSJON FOR FORSKING OG INNOVASJON



Innhold

1.1 Status søknader	4
1.2 Utvalde innovasjonsprosjekt	5
2.0 Samhandling med omgjevnadene	7
2.1 GreEnergy	7
2.2 Retrams	7
2.3 Sjølvkøyrande bussar	7
3.0 Skape kultur for innovasjon	8
3.1 Innovasjonsboks	8
3.2 Helseinnovasjonskonferansen 2021	8
3.3 TekPRAT	8
3.4 Utvikling av campusområde på Vie	8
3.5 Norwegian Smart Care Cluster	9
4.0 Utfordringar knytt til innovasjonsarbeidet i Helse Førde	9
4.1 Regelverk og strukturar	9
4.2 Ressursar til å jobbe med innovasjon	9

INNLEIING:

Vedlagde statusrapport gir oversyn over nokre sentrale område der Helse Førde har arbeidd aktivt det siste halvåret på innovasjonsfeltet. Rapporten gir ikkje fullt innsyn i innovasjonsaktiviteten til den store organisasjonen som Helse Førde er, men gir eit innblikk i nokre sentrale element. Det blir jobba med å koble seg tettare på Pasientens helseteneste, mellom anna for å få betre kjennskap til alle tenesteutviklingsprosjekta som er i gang i samband med nybygg. Her er eit stort potensiale for nye innovasjonar, både i form av nye tenester og nye produkt.

1.0 Innovasjonsarbeid i føretaket

1.1 Status søknader

Det har vore stor aktivitet i form av søknadar første halvdel av 2021. Under kjem ei oversikt over søknader og finansieringskjelder:

Søknader til interne innovasjonsmidlar:

Som eit ledd i opptrappinga av ressursbruken knytt til forskning og innovasjon, vart det lyst ut interne innovasjonsmidlar i Helse Førde med søknadsfrist 22.februar. Det var sett av ein pott på 500.000 kroner, og det kom inn totalt sju søknadar. Nokre av prosjekta har pågått ei stund og fått både interne og eksterne midlar tidlegare, men det var også nye prosjekt. Alle søkjarane fekk presentere prosjekta sine i ein 10 minuttars digital pitch for vurderingskomitéen, før den endelege tildelinga vart gjort. Seks av prosjekta vart vurdert som støtteverdige, og fekk midlar. Søkjarane har ulik fagbakgrunn, og kjem frå ulike klinikkar. I år var vurderingskomitéen sett saman av personar med innovasjonskompetanse frå andre føretak, i tillegg til interne deltakarar og ein representant frå Kunnskapsparken Vestland.

Namn på prosjekt	Prosjektleder	Avdeling
Digital førarkortutredning	Andreas Håkansson	Nevrologi, revmatologi og rehabilitering
Pust Deg Bedre –med fokus på saumlause overgangar på tvers av tenesteledd	Elin Johnsen	Samhandling og tverrprofesjonelle tenester
Akuttskrin anafylaksi	Kjersti Grinde	Kvinneklinikken
Painpad – pasientstyrt registrering og dokumentasjon av akutte smerter	Hans Jacob Westbye	Akuttmedisin
Rehabilitering med nye auger –VR	Jeanette Svarstad Stine Solvik	Samhandling og tverrprofesjonelle tenester
Droner for effektivisering av helsenorge - visualiseringsdelen	Ane Agdestein	Fag og utvikling

Søknader til Helse Vest Innovasjonsmidlar:

Helse Førde sendte tre søknader til Helse Vest. To av søknadene vart vurdert som støtteverdige, og eitt prosjekt fekk tildelt midlar; Ostomy Adjustment System (OAS): ny metode for tilpassing til å leve med stomi.

I tillegg var vi partner i ein søknad om **idéoverføringsmidlar**. Dette er ein ny kategori, der føretaka kan søkje om midlar til å implementere innovasjonar som allereie er i bruk i andre føretak. Helse Bergen søkte midlar til å implementere Pust Deg Bedre, og fekk tilslag. Helse Førde vil ha ei sentral rolle i prosjektet for å sikre at Helse Bergen lukkast med implementeringa i sitt foretak.

Søknader til Innomed:

Innomed¹ er eit nasjonalt kompetansenettverk for behovsdriven innovasjon i helsesektoren. Innomed er eigd av dei fire regionale helseføretaka, og KS. Nettverket kan tilby prosessretteleing til prosjekt som ligg i skjeringsfeltet mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta, og sikre at konkrete innovasjonar og erfaringar med dei vert delt og implementert hjå andre.

Helse Førde har ikkje tidlegare søkt om midlar via Innomed, men i år søkte vi støtte til to prosjekt; Pust Deg Bedre, og Droner for effektivisering av Helse Norge. Pust Deg Bedre fekk tilslag på søknaden, og er godt i gang med arbeidet. Det vart søkt om midlar til å styrke ei meir heilskapleg oppfølging av lungesjuka på tvers av tenesteledd. Målsetnaden er at fysioterapeutar og fastlegar i kommunane skal få god kjennskap til Pust Deg Bedre og ta appen i bruk allereie i primærhelsetenesta.

Søknader Pilot Helse

Norges forskingsråd har ei ny stor innovasjonssatsing; Pilot Helse. I Pilot Helse ser ein på heilskaplege innovasjonsløp frå ide til marknad. Målet er å skape berekraft i helse –og omsorgstenestene, og samtidig verdiskaping i norsk helsenæring. Våren 2021 lyste NFR ut midlar til forprosjekt, og Helse Førde sendte inn to søknader:

- Droner for effektivisering av Helse Norge
- Presisjonsbehandling av postoperativ smerte gjennom digitalisert pasientmedvirkning og kartlegging (Painpad)

Begge søknadene gjekk inn, og Helse Førde har fått tildelt 600.000 kroner frå forskingsrådet til desse forprosjekta. Søknadsfrist for hovudprosjekt er 15 sept, og ein skal bruke forprosjektperioden til å rigge seg for eit hovudprosjekt.

I prosjektet Droner for effektivisering av Helse Norge er Airlift Solutions og Kinn kommune samarbeidspartar i søknaden, og i prosjektet Painpad er Høgskulen på Vestlandet, firmaet Inventas AS og Norse Feedback AS samarbeidspartar.

Omfanget av søknadar, og at vi har fått tilslag også på eksterne midlar vitnar om både høg aktivitet og god kvalitet på prosjekta. Helse Førde vil halde fram arbeidet med å søkje midlar eksternt, samtidig som vi set av midlar i eige føretak. Gradvis vil dette heve kompetansen på innovasjonsfeltet internt og bidra til å skape kultur for innovasjon.

1.2 Utvalde innovasjonsprosjekt

Akuttskrin anafylaksi

¹ [Om InnoMed | Innomed](#)



Foto: Prototype versjon 2.0

Digital førarkortutredning

Nasjonale rutinar for førarkortutredningar inkluderer ei somatisk og ei kognitiv undersøking. I den kognitive delen vert det vanlegvis brukt ulike former for kognitive testar. Helsedirektoratet tilrår eit testbatteri som måler grunnleggande konsentrasjons- og arbeidsminnesfunksjonar. Dette testbatteriet har fleire svakheiter, og nevropsykolog Andreas Håkansson utviklar no i samarbeid med to bachelorstudentar ved Høgskulen på Vestlandet ei digital førarkortvurdering. Målet er å lage ein test som er meir treffsikker, og som ikkje favoriserer utdanningsnivået til den som skal fornye førarkortet. Ein slik test vil heve kvaliteten på førarkortvurderinga. Ved å gjere testen digital kan ein også gjennomføre han hjå fastlege i staden for å måtte reise til sjukehuset i Førde.

Ein prototype på testen er ferdig utvikla og klar til å testast på ei gruppe friske individ. Studentane har gjort arbeidet som del av bacheloroppgåva si ved ingeniørstudiet i Førde.

Alle helseretta tenester som gir vaksine og andre medikament er pålagde å ha eit skrin med naudsynt utstyr til bruk ved anafylaktisk sjokk (Allergisjokk) i akutte omstende.

Fagutviklingsjordmor Kjersti Gjerde oppdaga svakheiter med korleis akutttskrin for behandling av anafylaktisk sjokk var utforma. Berre på sentralsjukehuset var desse boksane i ulike fargar, storleikar og delvis lite oppdaterte. Med det som utgangspunkt har ho teke initiativ til å lage ei meir standardisert utgåve for heile Helse Førde. Mange har vore deltakande i prosessen, og utgåve nummer 3 er no undervegs.

2.0 Samhandling med omgjevnadene

2.1 GreEnergy

Firmaet GreEnergy i Høyanger har eit utviklingssamarbeid med Helse Førde om lokal 3D printing av ulike delar. Våren 2021 har GreEnergy vore i ein konseptfase for å kartlegge kva type delar som kan vere aktuelle. Individuelt tilpassa hand- og fingerortosar har peika seg ut som spesielt interessant, og i lag med ergoterapeut Eli Schwartz ser ein no på ulike moglegheiter for vidareutvikling. Prosjektet starta i januar, og er delvis finansiert av Innovasjon Norge. Neste steg er å rigge eit større samarbeidsprosjekt. Lokalt produserte ortosar vil både vere positivt for pasienten som får eit individtilpassa produkt raskare, det vil minske miljøavtrykket, og kunne skape lokale arbeidsplassar.

Høyangerbedrift satsar på nyvinning: Arvid og Svein Tore vil gjere livet betre for pasientar



PROSJEKT: Arvid Lønne og Svein Tore Tomrud i Høyanger-selskapet Greenergy vil utvikle hjelpemiddel og reservedelar ved bruk av 3D-teknologi. Foto: Privat/Bent Arne Iversen (arkiv)

2.2 Retrams

Florø-firmaet Retrams har invitert Helse Førde til eit samarbeid knytt til robotisering av deler av arbeidsprosessane på sterilforsyningscentralen. Firmaet er allereie i eit innovasjonspartnerskap med Helse Bergen, der ein ser på måtar å spore og rapportere kirurgisk utstyr gjennom heile verdikjeda frå operasjonsbordet til sterilforsyninga, og tilbake. I samband med prosjektet i Bergen ønskjer dei å sjå på robotisering av nokre av prosessane knytt til sterilforsyninga. Det er på dette området HFD vil vere ein viktig samarbeidspart. Teknoløft Sogn og Fjordane og Retrams jobbar i lag om å søke støtte frå Norges Forskningsråd gjennom programmet Innovasjonsprosjekt i næringslivet. Teknoløft Sogn og Fjordane (som vert leia av HVL) har forskingskompetanse på robotisering med fleire stipendiatar lokalisert i Førde.

Retrams produserer også skap med digital adgangskontroll. To slike skap skal testast nokre månader på medisinsk sengepost for bruk til oppbevaring av narkotiske stoff.

2.3 Sjølvkøyrande bussar

Skyss, saman med Sunnfjord kommune, Helse Førde og HVL har i snart eit år jobba for å sette i gang ein pilot for autonomi i Førde. Piloten skal sikra innovasjon og læring om autonomi og om reaksjonen til publikum på sjølvkøyrande køyretøy. Piloten skal òg vere med å marknadsføre Studentbyen Førde og støtte opp under teknologiutdanningar ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde. Det er difor etablert ei brei samansett prosjektgruppe for å sikre brei involvering og felles læring.



3.0 Skape kultur for innovasjon

3.1 Innovasjonsboks

For å vere meir synlege og tilgjengelege for både tilsette, pasientar og pårørande er det etablert ei drop-in teneste i den gamle blomsterbutikken som var i 1.etg ved Førde sentralsjukehus. Her skal det sitje ein innovasjonsrådgjevar eit par dagar i veka, tilgjengeleg for ein uformell prat eller eit avtalt møte, der ein kan diskutere idéane sine. Godt synleg på veggen i Innovasjonsboksen heng det ei digital informasjonstavle som kontinuerleg vil vise pågåande innovasjonsprosjekt som Helse Førde tek del i, og informasjon om Idémottaket og korleis finne rådgjevarane som kan hjelpe dei gode ideane vidare. Håpet er at eit slikt lågterskeltilbod skal bidra til å fange opp fleire gode idear og vere eit ledd i arbeidet med å skape kultur for innovasjon.



3.2 Helseinnovasjonskonferansen 2021

Helseinnovasjonskonferansen vart ei heildigital hending i år grunna corona. Tilbakemeldingane frå deltakarane var svært positive, og sidan konferansen vart digital fekk ein tilhøyrarar frå heile landet. Alle medarrangørane ønskjer å bidra til ein konferanse også i 2022. I tillegg vert også KS og Norwegian Smart Care Cluster med på laget komande år.

3.3 TekPRAT

TekPRAT er ein møtestad for klinikarar, næringsliv, forskingsmiljø, og andre teknologiinteresserte. Fokus er å bygge samarbeid på tvers av sektorar og organisasjonar, og dele av erfaringar og kunnskap. Sidan mars 2020 har arrangementa vore digitale, men så snart det let seg gjere ønskjer Helse Førde å invitere til ei fysisk samling igjen. Konseptet er utvikla av Helse Vest IKT, og vert no arrangert både i Helse Bergen og Helse Førde.

3.4 Utvikling av campusområde på Vie

Det er etablert eit forprosjekt mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet som skal sjå på moglegheitene for samlokalisering og betre utnytting av fellesareal, på kort og lang sikt. Eitt av områda ein skal sjå nærare på er fellesareal knytt til forskning og innovasjon. Vi har allereie i dag eit formelt samarbeid gjennom Helseforskning Sogn og Fjordane, der vi er samlokaliserte på Tefre. No ønskjer ein å flytte aktiviteten ned på campusområde på Vie, og å sjå på moglegheitene for samlokalisering av andre funksjonar også (t.d simulering, utdanning, og opplæringsaktivitetar). Dette vil styrke miljøa i begge organisasjonane og bidra til auka aktivitet. På lang sikt ønskjer ein også å kunne tilby areal til andre eksterne aktørar også, og ein kan sjå føre seg at det vert etablert ei helseklynge lik teknologiklynge ein har på Peak Sunnfjord. Dette vil vere eit viktig bidrag i arbeidet med å skape kultur for innovasjon.

3.5 Norwegian Smart Care Cluster

Helse Førde er medlem i helseklynge Norwegian Smart Care Cluster. Det er svært nyttig for læring og nettverk.

Helse Førde ønsker å bruke nettverket i klynge aktivt til å utvikle nye prosjekt, men også for å kunne tilby Helse Førde som testarena for gründerar. Klynge gjev store moglegheiter for samarbeid på tvers, og vil kunne auke sjansane til å t.d søkje EU-midlar til eit større prosjekt.

4.0 Utfordringar knytt til innovasjonsarbeidet i Helse Førde

4.1 Regelverk og strukturar

Ei av dei største utfordringane i arbeidet med innovasjon er at det ofte ikkje passar inn i dei formelle strukturane i eit helseføretak. Innovasjonsprosjekt er ofte meir «lettbeinte» enn tradisjonelle prosjekt. Ein veit ikkje nødvendigvis kva resultatet skal bli, og det er ein fare for at ein kan kvele kreativiteten og framdrifta i prosjekta dersom ein skal inn i den tradisjonelle prosjektportefølgjen. Det har vore uttalt tidlegare frå RHF'et at ein ønskjer ei kjappare og mindre formell løype for innovasjonsprosjekt, men så langt er ikkje slike strukturar på plass.

Det er også eit ønske i Helse Vest at ein skal i større grad dele dei gode ideane med kvarandre, og implementere prosjekt som har lukkast på tvers av føretaka. Den nye kategorien «idéoverføring» på dei utlyste midlane frå Helse Vest, er eit ledd i dette arbeidet.

Det er klare nasjonale og regionale føringar på at ein skal gjere meir av offentleg-privat samarbeid. Også her opplever ein utfordringar, då det er lett å trø feil. Helseføretaka skal samarbeide tett med næringslivet og bidra til næringsutvikling, samtidig som ein ikkje må gå for langt og risikere å bryte reglar for innkjøp eller statstøtteregelverket. Helse Vest er i gang med ein revisjon av retningslinjene for kommersialisering av arbeidsresultat skapt av tilsette i Helse Vest. Dei gjeldande reglane i dag er frå 2005 (sak 59/05), og mykje har skjedd på feltet sidan den gong. Helse Førde har også starta arbeidet med å utarbeide sin eigen eigarskapspolicy. Dette vil bidra til å auke fokus på område, samstundes som det vil gi nokre føringar for korleis Helse Førde skal handtere spørsmål knytt til kommersialisering av idear som kjem frå tilsette i føretaket.

4.2 Ressursar til å jobbe med innovasjon

Helse Førde har styrka ressursane knytt til innovasjon dei seinare åra. Vi har ei delt stilling med Høgskulen på Vestlandet (50-50), i tillegg til ein trainee gjennom Framtidsfylket sitt traineeprogram. I tillegg har vi fått etablert strukturar og eit støttesystem rundt dei tilsette som har gode idéar. Tilhøva ligg såleis betre til rette for å kunne jobbe meir målretta med innovasjon enn det vi har gjort tidlegare. Ein ser resultat av satsinga. Ei stor utfordring er framleis at klinikarar og medarbeidarar elles ute i drifta skal få tid og høve til å jobbe med dei gode idéane sine. Interne innovasjonsmidlar kan bidra til å frikjøpe tilsette frå klinisk arbeid i noko grad, men det er også viktig å få rom for å bruke tid på innovasjonsarbeid. Dette er eit ledd i å bygge kultur for innovasjon, og er eit arbeid som pågår over lang tid.